

Fra: John Ragnar Myking <John.Ragnar.Myking@hvl.no>
Sendt: onsdag 13. juli 2022 11:12
Til: Postmottak Alver
Kopi: Morten Hjortland; tommagnussen1962@gmail.com; Rune Vedeler; Nils Kvalvågnes
Emne: Sak 22/257 – gbrnr 84/4 Kvalvågsneset - Kommentar til uttale frå statsforvaltaren

Kommentar til uttale frå Statsforvaltaren

1. Statsforvaltaren legg vekt på at det ikkje skal vera lett å gjera unntak frå gjeldande arealplan. Me vil då peika på at det finst ein godkjend situasjonsplan for hyttefeltet frå 1977 som viser både innteikna parkeringsplass og den eksisterande gardsvegen (sjå notat vedlegg 1 og 1A-F i søknaden vår). Det einaste unntaket frå den eksisterande arealplanen som me no søker om er å flytta parkeringsplassen frå der var planlagt og godkjend i 1977 til ein stad der den vil vera mindre synleg frå sjøen og såleis betre tilpassa omsynet til LNF- forskriftene.
2. Statsforvaltaren skriv at vegen me søker om å få godkjend berre er eit mindre inngrep, men at det kan vera fare for at den skapar presedens for at andre hytter også vil søkja om veg fram til tomtegrensa. Til det vil me svara at ingen av dei to andre hyttene i området har planar om å søkja om slik veg. Dessutan er denne vegen ikkje ein ny veg, men berre ein oppgradering av ein eksisterande gardsveg. Denne er teikna inn både på situasjonskartet frå 1977 og i kartskisse frå 1976 (vedlegg 8 i søknaden vår).
3. Ingen av tiltaka me søker om vil føra til auka privatisering eller større påverknad av landskapet sett frå sjøen.

I søknaden vår står det at den oppgraderte gardsvegen fram til tomta til bnr. 25 er 2,5 m brei. Ved nærare oppmåling viser det seg at vegen slik den no er oppgradert er 3 m brei, og såleis stettar omsynet til breidde for utrykkingskøyretøy. I tillegg er altså stigningsgraden om lag 1:10, slik me tidlegare har vist i brev med tilleggsopplysningar.

Vennleg helsing

John Ragnar Myking